

Saksbehandlar: Adrian Husabø Bjørseth, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/1655-1

Regionale utviklingsmidlar 2019 – fordeling 1

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Connect Vest-Norge får eit tilskot på 300 000 kr. til prosjektet Kartleggingsprosjekt – Etablering av tidlegfase investornettverk i Sogn og Fjordane.
2. Sunnfjord Utvikling AS får 300 000 kr. til prosjektet Tiltak for auka trafikk - Nasjonal Turistveg Gaularfjellet 2019 – 2021.
3. Det vert sett av 350 000 kr. for å dekke deler av eigenfinansiering knytt til Klimasats-søknad om etablering av Klimapartner Sogn og Fjordane/Vestland.
4. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS får 1 200 000 kr. til prosjektet styrka innovasjonsstruktur gjennom partnerskap.
5. Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane får 100 000 kr. til prosjektet fagleg forankring av studentbedrift 19/20.
6. Norske Tindevegledere får 400 000 kr. til etablering av NORTIND fagskulestudie med 400 000 kr, med atterhald om at studiet blir starta opp i Sogndal.
7. NIBIO Fureneset får 200 000 kr. til prosjektet Alternative dreneringsmåtar på myr for betre agronomi og reduserte klimagassutslepp
8. Nordisk Film Production AS får 100 000 kr. til marknadsføring av filmen Tunnelen.
9. Tilskota vert finansiert slik:
 - a. Tilskotet til Connect Vest-Norge vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015-nyskaping.
 - b. Tilskotet til Sunnfjord Utvikling AS vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring.
 - c. Tilskotet til klimasats-søknad vert dekke med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015-nyskaping.
 - d. Tilskotet til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015-nyskaping.
 - e. Tilskotet til Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015-nyskaping.
 - f. Tilskotet til Norges Tindevegledere vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring.
 - g. Tilskotet til NIBIO vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7012-bransjeretta satsingar.
 - h. Tilskotet til Nordisk Film Production AS vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7019-andre næringsområde

Vedlegg:

1. Søknad Kartleggingsprosjekt – Etablering av tidligfase investornettverk i Sogn og Fjordane
2. Søknad Tiltak for auka trafikk - Nasjonal Turistveg Gaularfjellet 2019 – 2021
3. Søknad styrka innovasjonsstruktur gjennom partnerskap
 - 3.1. Prosjektplan
 - 3.2. Partnerskapsavtale
 - 3.3. Rapportar
 - 3.4. Detaljert budsjett
4. Søknad fagleg forankring studentbedrift 19/20
5. Søknad etablering av NORTIND fagskulestudie

6. Førespurnad frå NIBIO
 - 6.1.Orientering om arbeid
7. Søknad Nordisk Film Production AS – Tunnelen
 - 7.1.Detaljert budsjett
 - 7.2.Detaljert finansieringsplan

Andre relevante dokument i saka:

www.verdiskapingsplanen.no

[Retningslinjer for verkemiddelbruk - næring](#)

Eventuelle vedlegg til søknader om ikkje er lagt ved

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Saka gjeld tildelingar av midlar frå næring og kultur sitt budsjett i regional utvikling. I denne saka vert fylgjande saker handsama:

Samlesak

- Kartleggingsprosjekt - tidlegfase investornettverk i Sogn og Fjordane - Connect Vest
- Nasjonal turistveg Gaularfjellet
- Klimapartner og midlar
- Kunnskapsparken og innovasjonsstrukturprosjektet
- Ungt Entreprenørskap - søknad om midlar til satsing på studentbedrifter
- Norges Høgfjellsskule - skiguide og tindeveglear - søknad om midlar
- NIBIO
- Tunnelen

2. Kartleggingsprosjekt – etablering av tidlegfase investornettverk i Sogn og Fjordane

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

2.1. Bakgrunn

Om søknaden

Connect Vest, Kunnskapsparken og Aksello søker om 350 000 kr. til eit prosjekt som skal jobbe for etablering av eit tidlegfase investornettverk i Sogn og Fjordane.

Målsetjingar og historikk

Det har gjennom mange år vore ynskje om, og behov for å styrke tilgangen til risikovillig eigenkapital, der kapitaleigarar vert kopla med etablerarar/mindre bedrifter i fylket. Det er eit mål i verdiskapingsplanen om å betre tilgangen på risikovillig eigenkapital i ein tidleg fase gjennom etablering av eit investorforum.

Andre opplysningar

Hordaland fylkeskommune er i finansieringsplanen sett opp med eit tilskot på 150 000 kr. Dei har handsama saka, og har gitt eit tilskot på 150 000 kr. til prosjektet.

Hordaland fylkeskommune har hatt svært gode erfaringar med Connect Vest sitt arbeid tidlegfasekapital i Hordaland.

2.2. Nærare omtale av søknaden

Bakgrunn

Etablering av eit tidlegfase investornettverk i Sogn og Fjordane er ikkje nokon ny tanke. Det har blitt vurdert med jamne mellomrom. Det har vore dialog tidlegare mellom Connect Vest, KPSF og fylkeskommunen. Men søkjarane skriv at ein tidlegare ikkje har følt at tida har vore moden.

Aksello, KPSF og Connect Vest opplever at interessa for å opp denne tråden no er aukande, då det er uttrykt interesse fra fleire hald, blant annet fra gründerar og investorar.

Tidlegfase investornettverk/englenettverk andre stader

Connect Vest etablerte englenettverk (nettverk for private investorar) i Bergen i juni 2015, etter fleire års planlegging. Etter 2 år blei nettverket revitalisert og formalisert som ei formell foreining med styre, vedtekter med meir. Ved utgangen av 2018 har BAN Bergen 52 medlemmar, og det er investert i 22 tidlegfaseselskap. Sjå www.banbergen.no for meir informasjon.

Søkjar seier at nettverket no byrjar å ikkje berre framstå som eit englenettverk, men som ein meir og meir viktig aktør i utviklinga av eit berekraftig finansielt miljø og infrastruktur i Bergensregionen.

Connect Vest har også gjennomført eit forprosjekt som skal legge til rette i vekstfasen der selskap treng å ta neste steg, og treng kapital på 5-50 mill. kr. Det blir jobba for å etablere strukturar for eit slikt miljø som kan støtte nyskaping og vekst i regionen framover.

Connect Vest har sidan 2016/17 hatt eit englenettverk i Rogaland, og Connect Sør har etablert englenettverk i Arendal og Kristiansand. Connect Vest har også samtalar med andre nettverk/miljøer langs kysten.

Prosjekt mål, resultat og effektar

1) Tidligfase investorar kan

- Få tilgang på attraktive og godt førebudde investeringscase
- Få påverke utviklinga til eigne investerte case og (indirekte) tidligfasesektoren/miljøet
- Få delta i utviklinga av eit spennande tidligfasemiljø, fagleg og sosialt sett
- Få bidra i arbeidet med å utvikle eit sterkare og meir variert næringsliv med fleire attraktive arbeidsplassar, og styrke region og samfunnsliv
- Få moglegheiten til eventuelt å knyte kontakt med, og co-investorer
- Få moglegheiten til attraktiv avkastning gjennom investeringsstrategi og porteføljebygging

2) Gründerar vil ved etablering få;

- Auka tilgang til kapital og kompetanse (tydeleg oversikt og tilgjengelighet)
- Redusere tid dei bruker på «skaffe» slik kapital

I tillegg vil samarbeidet i det nye Vestland kunne gje auka investering, samarbeid og slagkraft på tvers av noværende fylkesgrenser.

Resultatet skal vere etablering av "englenettverk" for engasjerte, samfunnsbevisste personar i Sogn og Fjordane med kapital, kompetanse og nettverk («kompetent kapital»).

Gjennomføring av prosjektet

Søkjar seier at før dei startar arbeidet må det utarbeidast ein prosjektplan med detaljar om ansvar vidare. Dei ser føre seg følgjande aktivitetar:

- Styringsgruppemøte for innspel
- Kartlegging av tidlegfaseaktørar og –miljø i Sogn og Fjordane gjennom skrivebordundersøking, spørreskjemaundersøking og intervju. Kandidatar for deltaking i ein slik gjennomgang kan vere: i
 - Aksello og KPSF
 - Et utvalg av gründerar i Sogn og Fjordane
 - Eit utval av tidlegfaseinvestorar/-miljø i fylket
 - Innovasjon Norge
 - Eventuelt andre

Gjennom ei slik kartlegging vil ein kunne sjå på nosituasjon og erfaringar, ønsker og behov fra ulike aktørar/ståstader, og samla sett få eit godt bilde av korleis selskapa i dag søker/møter kapital, og omvendt.

- Gjennomgang av granskingsmaterialet – utvikling av framlegg til modell for englenettverk i fylket
- Styringsgruppemøter ved behov
- Legge fram førebels konklusjon
- Kort høyringsrunde blant deltakarane i undersøkinga
- Arrangement, der føremålet er å presentere modellen for tidligfasemiljøet (investorar og gründerar) i Sogn og Fjordane. Rapportskriving med framlegg til modell vidare. Prosessen vil gå som beskrive ovanfor, men ein ser føre seg aktuelle perspektiv;
 - at det blir etablert eit englenettverk i Sogn og Fjordane som utviklar seg i lokal/regional regi av regionale krefter
 - at det blir etablert eit englenettverk i Sogn og Fjordane som utviklar seg i samarbeid med Connect Vest/Connect BAN Bergen.
 - Englenettverket skal kun investere i lokale og regionale selskap i Sogn og Fjordane,
 - Det blir opna for å co-investere med tilknyta englenettverk langs kysten.

Prosjektet må bruke tid til å finne fram til gode arbeidsprosessar mellom partane. I tillegg må prosjektet tidleg identifisere og forankre prosjektet hjå andre samfunnsengasjerte interessentar i fylket som; næringsforeningar, gründerar, investorar, politikarar m.fl.

Organisering og forankring

Aksello, Kunnskapsparke i Sogn og Fjordane og Connect er formelle søkerar, og prosjektet er forankra hjå desse aktørane. Connect Vest har erfaring med å etablere og drive eit tidlegfase nettverk, og det er difor dei som vil leie prosjekt og gjennomføre hovuddelen av kartleggingsarbeidet.

Det blir etablert ei styringsgruppe der aktuelle deltakarar er investorar, gründerar, KPSF, Aksello Innovasjon Norge og fylkeskommunen.

Tidsplan

Fase ein - kartlegging

15.02.2019 - 30.04.2019

Fase to - bearbeide mottatt informasjon, presentere forslag til vidare framdrift;

01.5.2019 - 31.08.2019

Kostnads-og finansieringsplan

Kostnadsplan						
Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Arrangement		30 000				30 000
Forberedelse og samkjøring av gruppen		50 000				50 000
Gjennomgang av undersøkelsen		40 000				40 000
kartlegging/intervjuer/reiser		200 000				200 000
Kontinuerlig møter styringsgruppe/høringer osv.		40 000				40 000
Rapportskriving/etablering		60 000				60 000
Styringsgruppemøte for innspill/bearbeiding		80 000				80 000
Sum kostnad		500 000				500 000

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	350 000					350 000
Tilskudd fra HFK	150 000					150 000
Sum finansiering	500 000					500 000

Søkjarane seier dei søker om 100 % finansiering til dette prosjektet, sidan det er vanskeleg å få med andre finansielle partnerar i eit innleiande prosjekt.

2.3. Vurdering

Det har i lang tid vore ynskje om at det blir etablert eit tidlegfase investornettverk i fylket. At aktørane no meiner det er grunnlag for å sjå nærare på moglegheitene for å etablere eit slikt nettverk er difor svært gledeleg. Sjølv om etableringa av eit slikt nettverk har vore eit mål lenge, og har vore drøfta med jamne mellomrom har ein aldri gått så langt at det er blitt gjort ei skikkeleg kartlegging av moglegheitene for å etablere eit nettverk.

Dersom ein lukkast med å etablere eit nettverk vil dette kunne bidra til auka tilgang til tidlegfasekapital, samt å få fleire investorar på bana. Og forhåpentlegvis auke breidda av investorar med tanke på bakgrunn. Investorane bidrar ofte også med kunnskap inn i bedriftene.

Vi trur det er viktig at arbeidet no er konsentrert om Sogn og Fjordane for å få aktuelle investorar med. Men at Connect driv fleire englenettverk vil føre til positive synergjar.

Det er positivt at Connect Vest leiar dette arbeidet. Dei har lang erfaring innan feltet, og erfaringane Hordaland fylkeskommune har med Connect Vest, og dei ulike verkemidlane dei har, er svært gode. Dette viser også igjen i at Hordaland fylkeskommune har gått inn med 150 000 kr. i prosjektet.

For at forprosjektet skal bli vellukka er det avgjerande at dei lokale aktørane KPSF og Aksello er med, både for å sikre lokal forankring, samt tilgang til nyttige verktøy og informasjon. Det vil også vere viktig at framlegg til modell viser korleis framtidig drift og finansiering på nettverket er tenkt.

Det er lagt opp til at prosjektet blir fullfinansiert med midlar frå fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Søkjarane seier grunnen til dette er at det er vanskeleg å få med andre finansielle partnerar i eit innleiande prosjekt. Maksimal støttedel frå fylkeskommunen er normalt 50% av totalbudsjettet til prosjektet. Unnataket er forstudiar, forprosjekt eller tiltak retta mot særskilte målgrupper. I særskilte tilfelle kan slike prosjekt støttast med ein høgare sats. Dette skal grunnjevast særleg. I dette tilfellet ser vi på søknaden som eit forprosjekt, og er einig med søkjar i at det kan vere vanskeleg å få inn kapital frå andre. Samstundes har søkjarane sjølve også interesse av å få etablert eit slikt nettverk, og sit allereie med ein del av kunnskapen som skal hentast inn og samordnast. Det hadde ikkje vore unaturleg om dei la inn ein eigeninnsats i form av timar. Dersom hovudutvalet går inn med 300 000 kr. så føreset dette at deltakarane finansierer prosjektet med 50 000 kr. i form av timar (vel 83 timar a 600 kr. i tråd med godkjent timesats). Dette meiner vi ikkje er ein urimeleg eigeninnsats.

2.4. Konklusjon

Det er svært positivt at ein går vidare i arbeidet med etablering av eit tidlegfase investornettverk i Sogn og Fjordane. Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å gje eit tilskot på 300 000 kr. til prosjektet. Dette føreset at dei tre samarbeidspartane til saman går inn med eigeninnsats i form av timar/eige arbeid på 50 000 kr.

Framlegg til modell for eit tidlegfase investornettverk må også avklare korleis framtidig drift og finansiering av nettverket er tenkt.

3. Tiltak for auka trafikk – Nasjonal Turistveg Gaularfjellet 2019-2021

(Sakshandsamar: Anne Silje Sylvarnes)

3.1. Bakgrunn

Sunnfjord Utvikling søker om 300 000 kr i støtte til tiltak for å auke trafikken over Nasjonal Turistveg Gaularfjellet.

3.2. Historikk

Fylkeskommunen har tidlegare støtta Sunnfjord Utvikling slik:

300 000 kr - Finansiering av Tour des Fjords Sogn og Fjordane 2017

Fylkeskommunen gir tilskot til destinasjonsselskapa i fylket som forpliktar dei til samarbeid og berekraftig utvikling av reiselivet. Sunnfjord Utvikling har dei siste tre åra fått slikt tilskot til reiselivssatsinga si i region Sunnfjord:

2017	240 000 kr
2018	285 000 kr
2019	295 500 kr

3.3. Nærare omtale

Utviklinga av trafikken over Nasjonal Turistveg Gaularfjellet er ikkje som ynskt i etterkant av opninga av «Utsikten» i 2016. Det er difor naudsynt å sette inn tiltak for å auke trafikken over Gaularfjellet og synleggjere dei opplevingane som finst ved å legge turen om nasjonal turistveg Gaularfjellet.

Utfordringa ligg i at strekninga per i dag er eit lite kjent reisemål og ikkje ein naturleg veg å velje for reisande turistar.

Målgruppa for tiltaket er individuelt reisande. Målsetjinga til prosjektet og tiltaka blir å nå ut til desse gruppene gjennom nasjonale og internasjonale operatørar som handterer denne type reisande. Kommunikasjonen skal også rettast inn mot kanalar der denne typen reisande kan nåast.

For å auke trafikken skal ein skape og fortelje gode historier frå nasjonal turistveg Gaularfjellet, samt sette historiene inn i ein større samanheng som gjer at turistar blir leia inn til Gaularfjellet frå større områder.

Det er ikkje 4G-dekning på utsiktspunktet på Gaularfjellet, dette blir sett på som eit viktig tiltak for å auke kjennskapen til Gaularfjellet som reiseveg generelt og utsiktspunktet Utsikten som eit reisemål spesielt. Det at besøkande kan dele bilete og videoar frå staden på staden vil auke merksemda og potensielt auke trafikken.

Aktivitetar i prosjektet inkluderer

- Innholdsproduksjon i form av tekst, bilete og video som viser kvalitetane som er langs strekninga nasjonal turistveg Gaularfjellet.
- Målretta arbeid mot turoperatørar både nasjonale og internasjonale for å få Gaularfjellet som ein naturleg reiseveg.
- Presseturar i samarbeid med Innovasjon Norge og Fjord Norge.
- Visningsturar i samarbeid med Innovasjon Norge og Fjord Norge.
- Etablere infrastruktur som gir 4G-dekning på Utsikten.

Prosjektet har ei tidsramme på to år (2019-2020).

3.4. Økonomi

Budsjettpost	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Innholdsproduksjon	100 000	100 000				200 000
Prese og Visningsturar	50 000	50 000				100 000
Prosjektleiing	75 000	75 000				150 000
Sal og messer	75 000	75 000				150 000
SUM kostnader	300 000	300 000				600 000

Finansieringspost	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Sunnfjord Utvikling	150 000	150 000				300 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	150 000	150 000				300 000
SUM finansiering	300 000	300 000				600 000

3.5. Vurdering

Det aktuelle prosjektet er viktig i arbeidet med å auke trafikken over Gaularfjellet og samtidig gi dei besøkande gode opplevingar og auka den lokale verdiskapinga. Satsinga vil kunne auke den lokale verdiskapinga på strekninga Gaularfjellet, samt verksemder på begge sider av fjellet.

3.6. Tiltråding

Fylkesdirektøren tilrår hovudutvalet å støtte prosjektet til Sunnfjord Utvikling med 300 000 kr.

4. Klimapartner Sogn og Fjordane

(Sakshandsamar: Ida-Beate Mølmesdal)

4.1. Bakgrunn for saka:

15. februar var søknadsfrist for Klimasats-ordninga til Miljødirektoratet Rammene var på 200 millionar kroner som skal gå til prosjekt som bidreg til reduksjon i klimagassutslepp ute i kommunane og fylkeskommunane. Klimakoordinator i planstaben søkte på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune om midlar til etablering av Klimapartner Sogn og Fjordane og vidare Klimapartner Vestland etter 01.01.2020.

4.2. Nærare omtale:

Forprosjektet tek sikte på å etablere Klimapartner i Sogn og Fjordane. Målet for prosjektet er å styrke arbeidet med ei klimaomstilling av Sogn og Fjordane, i tråd med Regional plan for klimaomstilling som blei vedtatt i juni 2018. Prosjektet skal sjå på organisering og samansetning av eit partnerskap mellom næringslivet og offentlege verksemder i Sogn og Fjordane. Klimapartner Hordaland er veletablert, og frå 01.01.2020 vert fylket Vestland fylkeskommune, og det er naturleg å etablere Klimapartner Vestland. Forprosjektet vil difor vere todelt: 1) Organisere og førebu etablering av Klimapartner i den geografiske delen Sogn og Fjordane. 2) Som ein naturleg del av samanslåingsprosessen vert den andre delen å arbeide med samanslåing av eksisterande nettverk i Hordaland og organiseringa av Klimapartner Vestland. Dette i tett dialog med Klimapartner Hordaland.

Tiltaket er planlagt å starte opp så snart som midlane frå Klimasats er stadfesta, og vare til september 2020. Målet er at forprosjektet har hjelpt Klimapartner Sogn og Fjordane/Vestland ut av startgropa og at nettverket lev vidare inn i nytt fylke. Det vert etablert Klimapartner over store deler av Noreg, og det vil vere mogeleg å sjå dette i ein nasjonal samanheng litt fram i tid.

Med tilskot frå Klimasats-ordninga, kombinert med eigenfinansiering i form av eigeninnsats, midlar frå Planstab/klimabudsjett og avdeling for næring og kultur vil ein ha høve til å tilsetje ein prosjektansvarleg i 100 % stilling.

Kostnadsplan Klimapartner Sogn og Fjordane	
Prosjektleiing	650 000
Kommunikasjon og profilering	50 000
Arrangement og møter	50 000
Reiseverksemd	50 000
Klimarekneskap	50 000
Total sum	850 000
Finansieringsplan Klimapartner Sogn og Fjordane	
Klimasats-støtte	250 000
Eigne midlar (klima)	150 000
Eigne midlar (næring)	350 000

Eigeninnsats (600 kr per time)	
Klimakoordinator	50 000
Næring- og kulturavdeling	50 000
Samla finansiering	850 000

4.3. Vurderingar og konsekvensar:

Regional plan for klimaomstilling har som mål at næringer og enkeltbedrifter i fylket reduserer klimagassutslepp frå eiga verksemd som ein del av omstillinga til eit nullutsleppssamfunn. Tiltak 4 i handlingsprogrammet ligg under fylkeskommunen ved fylkesdirektør for næring og kultur sitt ansvarsområde. Tiltaket er at det skal etablerast møteplassar for det grøne skifte i næringslivet. Etablering av Klimapartner i Sogn og Fjordane vil skape ein arena for dialog og kunnskapsutveksling for å redusere klimagassutsleppa frå verksemd, både private og offentlege, i Sogn og Fjordane. Erfaringar frå Hordaland og andre tilsvarende nettverk viser at verksemdene reduserer klimagassutsleppa sine gjennom tilhøyrande aktivitet i nettverket. Gjennom deltaking i nettverket, erfaringsutveksling, motivasjon og kunnskapsauke vil ein kunne spele kvarandre gode, auke ambisjonane og få gjennomført tiltak. Gjennom regional samhandling vil klimapartnerane i Sogn og Fjordane kunne redusere klimagassutsleppa sine og bidra til ei grøn samfunns- og næringsutvikling.

4.4. Konklusjon:

Fylkesdirektør rår hovudutval for næring og kultur til å støtte etablering av Klimapartner Sogn og Fjordane med 350 000 kroner.

5. Søknad - styrka innovasjonsstruktur gjennom partnerskap

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

5.1. Bakgrunn

Om søknaden

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane (KPSF) søker på vegne av Stryn næringshage, Nordfjordeid Næringshage, Sognefjorden Næringshage og KPSF om til saman 1 999 000 kr. fordelt på tre år til eit arbeid som skal samle operatørskapet av næringshageprogrammet frå tre til eitt operatørskap. Kunnskapsparken skal vere felles programkoordinator. Gjennom å samle operatørskapen av næringshageprogrammet, og ha ein felles koordinator og operatør meiner aktørane at ein saman kan yte betre tenester til næringslivet gjennom større breidde i kompetanse, nettverk og verkemiddel.

Basisfinansiering for resterande periode av Næringshageprogrammet for den einskilde næringshage ligg utanom dette prosjektet.

Næringshageprogrammet og næringshagar i Sogn og Fjordane i dag

Næringshageprogrammet har som hovudmål å bidra til auka verdiskaping, vekst og utvikling av norsk næringsliv, fortrinnsvis i distrikta. Næringshagane er operatør for programmet. Næringshagane skal gjennom Næringshageprogrammet tilby tenester til målbedriftene som bedriftsrådgjeving, hjelp til utvikling av forretningsidear, marknadsplanlegging, nettverksbygging, internasjonalisering og andre utvikingsretta oppgåver. Næringshagane skal vere aktive tilbydarar og tilretteleggarar av kompetanse, nettverk og infrastruktur, samt vere ein attraktiv møteplass og samhandlingsarena for bedriftene.

For nokre år sidan kom det nye retningsliner for næringshagefinansiering som gjorde at SIVA auka opp sin del, og det var ikkje lenger krav om regional medfinansiering. Sidan 2017 har difor fylkeskommunn ikkje gitt tilskot til næringshagane, men følgd arbeidet gjennom å delta som observatør i styra. Siste tilskot var i 2016 på 400 000 kr. til Sognefjorden Næringshage, 475 000 kr. til Næringshagane i Nordfjord, og 150 000 kr. til Gulen og Masfjorden Næringshage.

Næringshagane i Nordfjord (Stryn og Nordfjordeid), Sognefjorden Næringshage og Gulen og Masfjorden Næringshage er dei næringshagen vi har i dag. Gulen og Masfjorden Næringshage er

ikkje med i prosjektet. I juni 2018 kom SIVA med reviderte tilskotsmodellar for næringshageprogrammet og inkubatorprogrammet. Næringshagane Sogn og Fjordane har desse tilskota frå næringshageprogrammet for åra 2019-2021 (nytt tilskudd):

Fylke	Næringshage	Dagens tilskudd	Nytt tilskudd
Sogn og Fjordane	Gulen og Masfjorden Næringshage AS	1 200 000	1 700 000
	Sognefjorden Næringshage AS	1 200 000	1 700 000
	Stryn Næringshage AS	2 250 000	2 500 000

I Stryn sitt tilskot er Nordfjordeid inkludert. Modellen har fire tilskotsnivå; 1 400 000 kr., 1 700 000 kr., 2 000 000 kr. og 2 500 000 kr.

Historikk – felles innovasjonsstruktur

KPSF har tidlegare fått to tilskot for å sjå på korleis ein kan effektivisere og styrkje innovasjonsstrukturen i fylket.

I 2016 fekk KPSF 590 000 kr. frå SIVA til eit prosjekt som skulle kartlegge, utarbeide og tilrå modell for effektivisering og styrking av innovasjonsstrukturen i Sogn og Fjordane.

I januar 2018 fekk KPSF eit tilskot på 400 000 kr. frå fylkeskommunen (dekkja med restmidlar frå INU-FSF), føremålet var å utvikle ein modell som var i tråd med å gå frå tre til ein programoperatør for næringshageprogrammet i Sogn og Fjordane.

Både SIVA og Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgd prosessen tett gjennom blant anna deltaking i styringsgruppa for Innovasjonsstruktur-prosjektet. Modellen som er utarbeidd finn de i vedlegg.

Siva og næringsavdelinga ved fylkeskommunen har stilt seg bak modellen, og meiner dette er ein god struktur for å møte framtidens behov og utvikle dei lokale innovasjonsselskapa (næringshagane).

Regelverk frå SIVA

Vi har sendt over søknaden til SIVA og bedt om nokre avklaringar. SIVA meiner dette prosjektet er å rekne som aktivitetar innanfor næringshageprogrammet, og følgjande at reglane for støtte under næringshageprogrammet gjeld. Dette betyr mellom anna at det er tilskot under gruppeunnataket i statsstøtteregelverket artikkel 27 og 28 som er aktuelle heimlar for å gje tilskot under.

5.2. Nærare omtale av søknaden

Bakgrunn

Næringshagane i Sogn og Fjordane som er tilknytt Siva sitt Næringshageprogram har i lag med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane (KPSF) gjennomført eit "Innovasjonsstruktur"-prosjekt. Her har ein sett på korleis ein kan styrke innovasjonsmiljøet i Sogn og Fjordane og yte betre tenester til næringslivet. I prosjektet har næringshagane peika på eit ønskje om å gå frå tre til eitt programoperatørskap for Næringshageprogrammet i Sogn og Fjordane, med Kunnskapsparken som programkoordinator.

Om prosjektet

Gjennom å samle operatørskapen av næringshageprogrammet, og ha ein felles koordinator og operatør meiner aktørane at ein saman kan yte betre tenester til næringslivet gjennom større bredde i kompetanse, nettverk og verkemiddel.

Ein sterkare innovasjonsstruktur med større bredde og nedslagsfelt vil i enno større grad være i stand til å hente ut synergjar mellom innovasjonsvirkemiddel, nettverk og kompetanse på tvers av miljøa. Dette vil igjen komme små- og mellomstore bedrifter i heile regionen til gode.

Partnarskapen kan i større grad ivareta rolla som bindeledd og tilretteleggingsaktørar, og bidra til å legge til rette for samhandling og læring mellom etablert næringsliv, gründerar, FoU-miljø, risikokapital og myndigheiter. Tett samhandling mellom desse aktørane har stor betydning for korleis næringslivet i regionen fornyar og utviklar seg. Dette er fordi auka samhandling mellom miljøa vil

kunne gi større innovasjonshøgde i prosjekt, auka gjennomføringsevne og auka moglegheiter for internasjonalisering.

Det er signert ein partnerskapsavtale (mellom næringshagane og kunnskapsparken) som inneheld retningslinjer for partnerskapen.

Det er eit vilkår for avtalen at partnerane i fellesskap minimum får tilgang på ei fellesfinansiering/utvida grunnfinansiering dei neste 3 åra, til å utvikle partnerskapen og handtere koordineringsrolla. Dersom dei økonomiske rammene ikkje er på eit tilstrekkeleg nivå vil det måtte drøftast innhald og leveranse i samsvar med avtalen.

Partnerane forpliktar seg gjennom partnerskapsavtalen å bidra til å utvikle felles mål og strategiplan for næringshagane i Sogn og Fjordane. Partnerane forpliktar seg til å sørge for at sin aktivitet er med å støtte opp under felles mål og strategiar.

Hovudaktivitetar:

HA1: Utvikle partnerskapen, bygge kultur og sterkare fellesmiljø

Formål: Framstå som eit samla innovasjonsmiljø med felles mål og strategiar som kjem målbedriftene til gode gjennom større bredde i kompetanse, nettverk og verkemiddel. Dele erfaringar, kompetanse og utvikle felles prestasjonskultur.

HA2: Samkøyre verktøy for innovasjon og verdiskaping

Formål: Sikre god koordinering mellom partnerskapen og andre innovasjons- og virkemiddelaktører i regionen, og tilrettelegge for tettare samhandling mellom gründerar, etablert næringsliv, FoU-miljø, kapitalmiljø og offentlege aktørar.

HA3: Utvikle framtidig tenestetilbod

Formål: Utvikle felles og framtidretta tenestetilbod som kjem målbedriftene til gode

Slik det er i dag, har ikkje Sunnfjordregionen den same tilgangen til næringshagane som andre delar av fylket. Partnerskapen søkte 1. november 2018 Siva om finansiering til næringshagesatsing i Sunnfjord. Siva innvilga ikkje søknaden i fyrste omgang, men partnerskapen vil jobbe vidare med å tilby næringshageprogrammet i Sunnfjordregionen. Det er ikkje snakk om ein ny næringshage, men at ein eller fleire av dei eksisterande utvidar sitt geografiske område.

Prosjekt mål

Målet med partnerskapen er å styrke organisering av innovasjonsstrukturen, og samkøyre verktøy for innovasjon og verdiskaping. Partnerskapen skal utnytte dei ressursane og verkemidla ein til ei kvar tid rår over til å yte betre tenester til næringslivet og bidra til auka nyskaping, vekst og verdiskaping i bedriftene.

Visjon:

Ein effektiv innovasjonsstruktur for morgondagens næringsliv.

Hovudmål:

Betre tenester som bidreg til auka nyskaping, vekst og verdiskaping.

Organisering

Partnerskapsavtalen definerer ulike roller og omgrep som er viktig å tydeleggjere i arbeidet med gjennomføring av avtalen.

Partnerskapen er i fellesskap regional programoperatør, men operatøransvar i ny modell blir styrt gjennom felles programkoordinator som er Kunnskapsparken. Kunnskapsparken tek over programkoordinatoransvaret så snart fellesfinansiering/utvida grunnfinansiering er på plass.

Det skal etablerast ei styringsgruppe som består av styreleiarane i innovasjonsselskapa i partnerskapen. Siva og fylkeskommunen har observatørstatus i styringsgruppa. Styringsgruppa skal kvart år godkjenne mål, strategiar og budsjett for partnerane og partnerskapen, og for programmet før rapportering til Siva 1. desember.

Kunnskapsparken vil gjennom avtalen ha koordinerings- og operatøransvaret som felles programkoordinator, og få tildelingsbrev frå Siva for næringshagane i Sogn og Fjordane. Oppgåvene som ligg til denne rolla er mellom anna; felles prosjektleiing og administrasjon av Næringshageprogrammet regionalt, legge til rette for aktivitet og organisering som er angitt i avtalen, rapportere eigen og partneranes drift/måloppnåing til Siva, arbeide for auka aktivitet og finansiering til fellesaktivitetar

Ein partner er eit innovasjonsselskap som gjennom avtalen mottok tilskot for å utføre oppgåver i tråd med Næringshageprogrammet i eit avtalt område og omfang. Programkoordinator er også definert som ein partner. Partnerane vil gjennom avtalen ha eit partneransvar. Oppgåvene som ligg til denne rolla er mellom anna å; bidra aktivt i utforming av felles mål, strategiar og handlingsplanar, bidra til auka idéfangst for partnerskapen bidra til vidareutvikling av verktøy og metodar knytt til Næringshageprogrammet

Budsjett og finansieringsplan

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Felles aktivitetar under same profilering	165 000	220 000	220 000			605 000
Felles møteplass for informasjonsutveksling og kom	136 000	175 000	175 000			486 000
Felles prosjektleiing og administrasjon	275 000	350 000	350 000			975 000
Review/oppfølgingsmøter for utvikling av felles pr	79 000	158 000	158 000			395 000
Styringsgruppe	50 000	50 000	50 000			150 000
Utvikle nye fellessatsingar på tvers av geografi o	55 000	110 000	110 000			275 000
Utvikling av felles prosessar og verktøy	75 000	198 000	198 000			471 000
Utvikling/revisjon av felles mål og strategiar	110 000	30 000	30 000			170 000
Utviklingsaktivitetar fag/tenester	75 000	198 000	198 000			471 000
Sum kostnad	1 020 000	1 489 000	1 489 000			3 998 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigenfinansiering	510 000	744 500	744 500			1 999 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	510 000	744 500	744 500			1 999 000
Sum finansiering	1 020 000	1 489 000	1 489 000			3 998 000

Det som er sett opp som eigenfinansiering her er timar. Kostnadsplanen er sett opp basert på timar frå alle partnerane med ein timekost på 1 100 kr. timen.

5.3. Vurdering

Fylkeskommunen har slutta seg til modellen slik den er presentert. Dette betyr ikkje at vi har tatt stilling til alle detaljar i modellen, eller forplikta oss til finansiering. Vi trur at næringshagane gjennom meir samarbeid, og ein felles operatør kan løfte arbeidet og betre breidde i kompetanse, nettverk og verkemiddel. Dette kjem målbedrifter og næringslivet til gode.

Fylkesdirektøren rår til å støtte prosjektet, og vi meiner det er fornuftig å gå inn med tilskot for prosjektperioden, samstundes må vi ta nokon atterhald om at det kan kome endringar som følgje av fylkessamanslåinga og nye oppgåver til fylkeskommunane på eit seinare tidspunkt.

Fylkesdirektøren synest eit bidrag på 2 mill. kr. for desse tre åra er mykje. Næringshagane er viktige deltakarar i innovasjonsstrukturen i fylket, men vurdert opp mot andre prioriterte satsingar og at dette er noko som kjem på toppen av næringshagefinansieringa legg vi opp til ein mindre sum. Etter at det blei omleggingar nasjonalt og det ikkje var krav om regional eigendel har vi ikkje nytta midlar til næringshagane. Dette har skjedd samstundes som rammene innan næring sitt budsjett har blitt mindre.

Det er ikkje lagt opp til endring i basistilskota til næringshagane, samstundes vil fellesprosjektet lette oppgåvene gjennom at rapportering og andre oppgåver no blir gjort av felles programkoordinator. Dersom fellesprosjektet lukkast vil det føre til positive effektar for

næringshagane og næringshagebedriftene. Det er såleis naturleg med eigenfinansiering/eige arbeid inn i prosjektet, sjølv om fellesprosjektet føreset at næringshagane ikkje mister midlar. Maksimal støttesats jamfør retningslinene for verkemiddelbruk er normalt maksimalt 50% av totale kostnader. I søknaden er det sett opp finansiering på 50% og det kjem fram at dette er tenkt dekkja gjennom timar. Timesatsen som er lagt til grunn er 1 100 kr. timen. Ut frå retningslinene for verkemiddelbruk er godkjent timesats for eige arbeid maksimalt 600 kr. Timar skal spesifiserast både i søknad og ved levering av rapport/rekneskap. Timesatsen er den same som mellom anna Innovasjon Norge legg til grunn.

Det er vanskeleg å gjere fullstendige vurderingar av kva deler av kostnadsoppsettet som bør vere eigeninnsats og kva deler vi dekkjer. I utgangspunktet tenkjer vi at det er den delen av arbeidet som Kunnskapsparken gjer i form av koordinering og operatøroppgåver som er mest aktuelt for fylkeskommunen å dekke. Vi har difor teke utgangspunkt i tal timar sett opp frå næringshagane i budsjettet og rekna ut frå ein timekostnad på 600 kr., så har vi lagt på ein mindre sum for å dekke eventuelle andre kostnader. Desse utrekningane, basert på tal timar deltakarane har skissert at dei vil gå inn med, er grunnlag for å kome fram til ein tilskotssum. Samstundes har vi også gjort skjønsmessige vurderingar mellom anna av at totalsummen er høg samanlikna med andre prioriterte satsingar, at vi tidlegare har trekt oss ut av næringshagefinansiering og lågare rammer dei seinare åra. Vi har då kome fram til eit samla tilskot på 1 200 000 mill. kr., fordelt på 300 000 kr. i 2019, 450 000 kr. i 2020 og 450 000 kr. i 2021.

Søklarane får mindre enn dei har søkt om, dei må sende inn nytt kostnads- og finansieringsoppsett, der finansiering med timesats på 600 kr. kjem fram og det er lagt opp til 50% eigenfinansiering. Prosjektdeltakarane må enten gå inn med meir eigeninnsats, redusere kostnader eller få inn finansiering frå andre. Innanfor ramma hovudutvalet har sett av til prosjektet får fylkesdirektøren fullmakt til å godkjenne endringar. Det kan mellom anna vere omprioritering mellom budsjettpostar, men også mindre justeringar mellom åra.

SIVA har gitt melding om at dei reknar prosjektet til å høyre inn under næringshageprogrammet, og tilskot må då bli gitt i tråd med regelverket for programmet. I praksis betyr dette at vi har moglegheit til å nytte artikkel 27 (støtte til innovasjonsklynger) og artikkel 28 (Innovasjonsstøtte til små og mellomstore bedrifter) i det gruppeunntaksforordninga som er innlemma i EØS-avtalen. I dette tilfellet er det artikkel 27 som er aktuell å nytte.

5.4. Konklusjon

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane (KPSF) får på vegne av Stryn næringshage, Nordfjordeid Næringshage, Sognefjorden Næringshage og KPSF eit samla tilskot på 1 200 000 kr. for åra 2019-2021 til prosjektet Styrka innovasjonsstruktur gjennom partnerskap.

Tilskotet på 1 200 000 er delt på 300 000 kr. for 2019, 450 000 kr. for 2020, og 450 000 kr. for 2021. Tilskotet vert gitt som støtte etter gruppeunntaksforordninga, artikkel 27 under Siva si innmelding av Næringshageprogrammet.

Søklarane får mindre enn dei har søkt om, dei må sende inn nytt kostnads- og finansieringsoppsett, der finansiering med timesats på 600 kr. kjem fram og det er lagt opp til 50% eigenfinansiering. Innanfor ramma på 1 200 000 kr. får fylkesdirektøren fullmakt til å godkjenne endringar. Det kan mellom anna vere omprioritering mellom budsjettpostar, men også mindre justeringar mellom åra.

Prosjektet må tilpasse seg eventuelle endringar følgje av fylkessamanslåinga og nye oppgåver til fylkeskommunane på eit seinare tidspunkt. Dette går på det innhaldsmessige i prosjektet og ikkje på dei finansielle rammene.

6. Søknad om midlar til fagleg forankring studentbedrift 19/20

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

6.1. Bakgrunn

Kva søknaden gjeld

Det har i mange år blitt arbeidd med studietilbod innan entreprenørskap, innovasjon og etablering av studentbedrifter på Høgskulen i Vestlandet (tidlegare Høgskulen i Sogn og Fjordane). Ungt

Entreprenørskap Sogn og Fjordane (UE) søker no på vegne av UE og høgskulen om kr 150 000 til vidareføring av studietilbodet innovasjon og studentbedrift skuleåret 2019/2020.

Historikk

I 2015 fekk Ungt Entreprenørskap og høgskulen kr. 65 000 frå hovudutvalet i sak 49/15 til å vidareutvikle studiet i entreprenørskap innan ulike fagretningar. Høgskulen i Sogn og Fjordane hadde då over fleire år arbeidd med å utvikle programmet studentbedrift i eigen institusjon. I søknaden blei det sagt at når programmet var meir etablert ved skulen, som fylgje av dette prosjektet, ville høgskulen stå for vidare drift og gjennomføring i samarbeid med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.

I sak 19/17 løyvde hovudutvalet kr. 100 000 til eit program for å få etablert studentbedrifter på avdelingane for helsefag, ingeniørfag, samfunnsfag/økonomi og lærarutdanning på campus Førde og campus Sogndal ved Høgskulen på Vestlandet. Dette skulle organiserast som eit studietilbod med 15 studiepoeng, som var ei utviding på 5 studiepoeng frå tidlegare. Dette skulle dekke studieåret 2017/2018, men sidan det berre var ein søkjar var tilskotet overført til studieåret 2018/2019. Då var det ti søkjarar.

6.2. Nærare omtale av søknaden

Bakgrunn

Høgskulen på Vestlandet har i fleire år gjennomført studentbedriftsprogrammet på fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett i samarbeid med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane. Studieåret 2018/2019 vart studiet "Innovasjon og studentbedrift" gjennomført ved Campusane Førde og Sogndal. Studentar frå fakultet for ingeniør og naturvitskap, samt fakultet for økonomi og samfunnsvitskap deltok på studiet. 10 studentar i alt og 2 registrerte studentbedrifter. Ein ynskjer no å vidareføre dette tilbodet ved HVL med ei utviding til fleire campusar.

Mål

Målet er å få vidareført studietilbodet innovasjon og studentbedrift - 10 studiepoeng på dei to fakulteta der dette vart gjennomført studieåret 2018 /2019, og utvide tilbodet til dei to fakulteta som ikkje deltok dette studieåret. I tillegg er det eit mål å utvide tilbodet ved å rekruttere studentar frå campusane i Bergen, Haugesund og Stord i ei samkøyring med campus Førde / Sogndal.

Søkjar seier at effektar skal vere at programmet studentbedrift blir endå bedre forankra internt ved Høgskulen på Vestlandet. Studentar på høgskulen er nær etablering av eiga verksemd og denne satsinga vil difor kunne bidra til framtidig verdiskaping i både i Sogn og Fjordane og i det nye Vestland fylke.

Målgrupper

Studentar ved Høgskulen på Vestlandet

Aktiviteter og gjennomføring

Det vil vera to hovudtema i studiet – innovasjonsprosessar/utvikling av forretningside med gode praktiske døme frå etablerarar, og utvikling av forretningsplan/ forretningsmodell for eigen forretningside. Høgskulen dekkjer sjølv kostnadane med undervisninga.

Søkjar skriv at for å forankra arbeidet med entreprenørskap og studentbedrift på dei 4 fakulteta bør det setjast av ressursar til ein fagansvarleg på kvart fakultet som rekrutterer og fylgjer opp arbeidet med studentbedrift, rettleiar studentbedriftene og er pådrivarar for entreprenørskap på eigen avdeling. Dei fire fakulteta det er snakk om er fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, fakultet for økonomi og samfunnsvitskap, fakultet for helse- sosialvitskap og fakultet for ingeniør og naturvitskap.

Ungt Entreprenørskap skaffar mentorar som rettleiar og fylgjer opp studentbedriftene. Dette er ein del av konseptet studentbedrift som UE køyrer, og vil ikkje påføra studiet ekstra kostnader. I tillegg vil UE gå inn med totalt 100 arbeidstimar fordelt på fylgjande aktivitetar: kursing av lærarar på alle avdelingane, rettleiing av studentar ved oppstart studentbedrift og organisering av ulike kurs, samt førebuing til messer / NM for studentbedrifter. Dei beste ideane bør få tilbod om stipend, og fylgjast opp av Kunnskapsparken/IN for moglege vidareføring/kommersialisering. Dette kan vera ei gulrot for vidare innsats.

Prosjektorganisering

Prosjektet er organisert som eit samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane. Prosjektleiari har lang erfaring i UE.

I tillegg har ein eit samarbeid med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane, Norsk Selgerutvikling AS og Skatt Vest. Andre samarbeidspartnarar vil hentast inn etter behov. Det kan vere representantar frå lokalt nærings- og arbeidsliv, eller deler av verkemiddelapparatet.

Forankring

Ei vidareføring av satsinga er forankra i leiargruppa til Høgskulen på Vestlandet. Det er også forankra i styret i Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.

Tidsplan

- Mars 2019 : Utlysing av studietilbodet på HVL sine nettsider
- Mars - August 2019 : Arbeid med å rekruttere studentar til studiet på dei fire fakulteta og fem campusane
- August 2019 - Oktober 2019 : Intensivere arbeidet med rekruttering fram mot søknadsfrist som er 1. oktober.
- Oktober 2019 : Studiestart
- Oktober 2019 - Mai 2020 : studieperiode - gjennomføring av studiet i henhold til emneplan
- Mai 2020 - Eksamen og evaluering av studiet

Budsjett og finansieringsplan

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Frikjøp av ressursar ved HVL	75 000	75 000				150 000
Gjennomføring av studiet ved HVL	90 000	90 000				180 000
Sum kostnad	165 000	165 000				330 000

I tillegg kjem eigeninnsats som følgjer :

Vestlandshøgskulen : 190 arbeidstimar + reisekostnader

Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane : 100 arbeidstimar + reisekostnader

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Høgskulen på Vestlandet eigenandel	90 000	90 000				180 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	75 000	75 000				150 000
Sum finansiering	165 000	165 000				330 000

6.3. Vurdering

Fylkeskommunen har ein avtale med UE som støttar entreprenørskap både i grunnskulen, vidaregåande skule, og høgskulenivå. At UE skal ha tett oppfølging av studentbedrifter er ein del av denne avtalen. Det hender vi støttar nye utviklingsprosjekt utanom utviklingsavtalen.

Ungt Entreprenørskap og høgskulen har tidlegare fått fleire tilskot til entreprenørskap og studentbedrift. Midlane innan sektoren skal gå til utviklingsprosjekt og ikkje til drift, og på sikt meiner vi dette arbeidet må finansierast gjennom høgskulen sitt ordinære tilbod og gjennom utviklingsavtalen med UE.

Samstundes er det viktig å ha eit godt tilbod innan entreprenørskap og studentbedrift på høgskulen. Potensiale for etablering av bedrifter bør vere bra, og det er viktig å bygge kunnskap om innovasjon og nyetableringar hjå studentane. Prosjektet stemmer godt overeins med målsetningane i Verdiskapingsplanen, og føremålet med utviklingsavtalen med UE.

Fylkesdirektøren rår difor til å støtte arbeidet også for neste studieår. Så bør det jobbast for å gjennomføre tilbodet utan prosjektmidlar. Vi legg til grunn at å legge grunnlag for langsiktig vidareføring av tilbodet er ein del av arbeidet som blir gjennomført innanfor dette tilskotet.

Det må også gjerast nye vurderingar framover om korleis det nye fylket vil rette inn sitt arbeid med entreprenørskap i grunnskule, vidaregåande skule og høgskule. Vi meiner ikkje det er naturleg å auke opp tilskotssummen frå tidlegare, og rår til å gå inn med 100 000 kr. slik som sist.

6.4. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur å støtte prosjektet Fagleg forankring av studentbedrift 19/20 med 100 000 kr.

7. Etablering av NORTIND fagskulestudie

(Sakshandsamar: Anne Silje Sylvarnes)

7.1. Bakgrunn

Norske Tindevegledere og Fagskulen i Sogn og Fjordane søker om 400 000 kr i støtte til etablering av NORTIND fagskulestudie.

Norsk Tindevegledere (NORTIND) har sidan starten av 1978 arbeidd for tryggleik og kvalitet i norske fjell som ein frivillig organisasjon bygt på dugnad og interessefellesskap. Organisasjonen er eit yrkesforbund som kvalifiserer for yrket Tindevegleiar, eller fjellfører i Norge og resten av verda. NORTIND er medlem av det internasjonale fjellførarforbundet «Internasjonal Federation of Mountain Guides Associations». NORTIND utdannar guidar i eigen regi og fullført utdanning gjev internasjonal godkjenning og utstedt European Professional Card som berre tre andre yrkesgrupper i Europa får. Ein tindevegleiar har utvikla ekspertkunnskap innan klatring, brevandring, fjellskigåing, bratt skikøyring og skredvurdering. Tindevegleiarar arbeider som guidar i høgalpint terreng i heile verda, for ulike nivå innan utdanningssektoren, i skredvarsling (NVE), i redningstenesta, med fjellmedisin og for forsvaret. Kvalifisering gjennom NORTIND gjev såleis høg kompetanse på internasjonalt nivå for arbeid med menneske i krevjande fjellnatur. I dag vert det uteksaminert mellom 6 og 8 nye Tindevegleiarar kvart år.

7.2. Historikk

Fylkeskommunen har tidlegare støtta Norske Tindevegledere slik:

2018: 150 000 kr - Norges Høgfjellskole: Etablering av skiguideutdanning og fagskole for Norske Tindevegledere

7.3. Nærare omtale

I HNK 20.11.2018 blei Norske Tindevegledere (NORTIND) tildelt tilskot til ei oppstartsfasen av prosjektet «Norges Høgfjellskole: Etablering av skiguideutdanning og fagskole for Norske Tindevegledere», samstundes blei dei oppmoda om å ta kontakt med Fagskulen i Sogn og Fjordane for opprettinga av sjølve fagskuleutdanninga.

NORTIND søker no, saman med Fagskulen Sogn og Fjordane om midlar til etablering av fagskulestudium. Det er stor mangel på kvalifiserte guidar og studiet vil utdanne tindevegleiarar (fjellførarar), samt skiguidar. Særleg vinterstid er etterspurnaden og behovet stort.

Prosjektet vil søke NOKUT om godkjenning av eit fagskulestudium. Søknaden er omfattande og stiller ei rekkje formelle krav når det gjeld studieplan, kvalitetssikringssystem og infrastruktur. Fagskulestudiet vil utdanne tindevegleiarar (fjellførarar), skivegleiarar (skiguide) og på sikt også andre kategoriar fjellførarar. Skiguideutdanninga som utviklast i eit eige prosjekt vil også takast inn i fagskulestudiet.

Hovudmålet er at NORTIND og Fagskulen skal etablere eit fagskulestudium med 10 studieplassar for tindevegleiarar og 20 studieplassar for skivegleiarar. Delmåla inkluderer:

- Sikre vidare berekraftig naturturisme.
- Sikre at gode fjellføringstenester vert tilbydd til turistar/gjester som ynskjer dette.
- Betre tilbodet av godkjente guidar knytt til bratt reiseliv over heile landet og på Svalbard.
- Redusere kostnader for dei som kvalifiserer seg mot yrket fjellførar/skivegleiar.
- Vidareutvikle Norske Tindevegledere si utdanning.
- Styrke organisasjonen si evne til å utdanne nye guidar.
- Utvikle eit fagskulestudium som sikrar god rekruttering og relevant kvalifisering til sektoren.

I Sogndal har NORTIND og Fagskulen hatt møter om fagskuletilbodet med Høgskulen på Vestlandet og Sogndal kommune. Prosjektet er drøfta og forankra hos næringssjefane i Luster-, Sogndal- og

Leikanger kommune, samt direktøren i Visit Sognefjord. Dei har også hatt samtalar med NCE Tourism Fjord Norway og Innovasjon Norge sentralt. Alle stiller seg bak planane om å etablere eit fagskuletilbod og utvikle ei skiguideutdanning.

Formålet med opprettinga av fagskulestudiet er å styrke kvaliteten på utdanninga, auke tal kvalifiserte tindevegleiarar og skiguidar for å møte etterspurnaden frå reiselivet, og å redusere kostnaden for studenten.

Ei etablering av fagskulestudiet vil gi grunnlag for støtte til studieplassar frå kunnskapsdepartementet via fylkeskommunen. Dette vil gi utdanninga ein økonomisk stabilitet. Dette vil også føre til at eigenbetaling frå studentane blir redusert. Eigenbetalinga for tindevegutdanninga har vore svært kostbar. Dette vil bli redusert gjennom eit fagskulestudium og føre til at tilbodet vil kunne gjennomførast av fleire.

Fagskuleutdanninga vil gi tittelen høgare fagskulekandidat. NORTIND vil behalde retten til å dele ut tittelen «Tindevegleiar», «Tindevegleiaraspirant» og «Skivegleiar» (formell tittel på skiguide) etter at kandidaten har fullført utdanninga.

NORTIND og fagskulen ser for seg desse effektane av studiet frå år 2022:

- Auka kvalitet og sikkerheit i norske fjell
- Styrke posisjonen til norsk reiseliv
- Fantastiske og trygge gjesteopplevingar i ekstrem fjellnatur
- 12 000 gjestedøgn (400 gjestedøgn x 30 ekstra vegleiarar) med sertifisert førar i Norge ekstra per år

Lokalitet for studiet er ikkje fastsett. NORTIND har også søkt Buskerud fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune om støtte og geografisk etablering er avhengig av kvar dei får støtte. Etableringa av fagskuleutdanninga har fått støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Kvar studiet blir lokalisert blir avgjort etter at dei har fått svar på denne søknaden.

7.4. Økonomi

Budsjettpost	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Kompetanseheving og rekruttering av lærere	108 000	108 000				216 000
Prosjektledelse Fagskulen i Sogn og Fjordane	175 000	175 000				350 000
Prosjektledelse NORTIND	270 000	180 000				450 000
Reise og oppholdskostnader møter	50 000	30 000				80 000
Utstyr til undervisning		100 000				100 000
SUM kostnader	603 000	593 000				1 196 000

Finansieringspost	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Egeninnsats Fagskulen i Sogn og Fjordane	25 000	20 000				45 000
Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane	100 000	100 000				200 000
Utviklingsmidler fra Kunnskapsdepartementet (søkes)	250 000	250 000				500 000
Egeninnsats NORTIND	28 000	23 000				51 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	400 000					400 000
SUM finansiering	803 000	393 000				1 196 000

7.5. Vurdering

I reiselivsmeldinga «Opplev Norge – unikt og eventyrlig» som vart handsama våren 2017 vert det slått fast at reiselivsnæringa er den raskast veksande næringa i verda, og at Norge kjem til å ta nye marknadsandelar i åra framover. Tilveksten av nye turistar er 27 % høgare i Norge enn gjennomsnittet internasjonalt. Særleg er veksten innan segmentet som søker ein aktiv ferie i naturen i vekst. Dette stadfestar turistundersøkinga som Innovasjon Norge har gjort for vintersesongen 2018, der det å få oppleve fjellet vert rangert som det viktigaste av naturopplevingar i Norge av utanlandske og norske turistar.

Sogn og Fjordane byr på eit breitt spekter av variert natur i verdsklasse. For å kunne hente ut verdiar av den venta veksten i tal besøkande må ein kunne tilby varer og tenester av høg kvalitet til betalingsvillige turistar. Høgt kvalifiserte guidar til å leie tilreisande i naturen er ein måte å skape

næring på, og gjev ei trygg naturoppleving. Fagskuleutdanninga vil gje auka kompetanse og verdiskaping for bedrifter som tilbyr naturbaserte aktivitetar og gje eit tilbod til turistar som dei er villige til å betale for og som er svært etterspurt.

Ei etablering i Sogndal vil styrke det naturbaserte reiselivet i Sogn og Fjordane, gi ein god synergi med friluftsliv- og reiselivsutdanninga til Høgskulen på Vestlandet og bidra til å stadfeste Indre Sogn som eit tyngdepunkt innan fjellsport og bratt friluftsliv i Noreg. Sogndal har ei svært strategisk plassering angående det å kunne arbeide med reiseliv og arbeide som tindeveglear.

I tillegg har Sogndal nærleik til høgalpint klatreområde med rike føringstradisjonar, nærleik til brear for blåisvandring og skiferdsel, samt eit høgt tal aktive naturbaserte reiselivsbedrifter som vil ha nytte av ei slikt utdanningstilbod. Ei etablering av eit slikt fagskulestudie i Sogndal vil styrke det naturbaserte reiselivet i regionen og bidra til å sette Sogn og Fjordane, og særleg Indre Sogn på kartet som eit kompetansesenter for fjellsport og bratt friluftsliv i Norge og Nord Europa. Etablering av Norges Høgfjellskule vil ha eit nasjonalt og internasjonalt preg der heile Norge vert nytta i utdanninga.

Med dei trendane innan reiseliv som ein ser både i tal besøkande og kva dei etterspør vil dette tilbodet vere eit viktig steg i riktig retning for å sikre gode, trygge opplevingar for tilreisande som gjev auka verdiskaping for reiselivsnæringa.

Satsinga stør vandretemaet som er sentralt i Regional plan for verdiskaping, og vil også medverke til utvikling av arbeidsplassar som baserer seg på særleg kompetanse i formidling og guiding.

7.6. Tilråding

Fylkesdirektøren tilrår hovudutvalet å støtte etablering av NORTIND fagskulestudie med 400 000 kr., med atterhald om at studiet blir starta opp i Sogndal.

8. Alternative dreneringsmåtar på myr for betre agronomi og reduserte klimagassutslepp

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

8.1. Bakgrunn

Om søknaden

NIBIO Fureneset søkjer om eit tilskot på 200 000 kr. til prosjektet *Alternative dreneringsmåtar på myr for betre agronomi og reduserte klimagassutslepp*. NIBIO skal søkje Norges Forskningsråd (NFR) om støtte til prosjektet. Det er krav om minst 20% finansiering frå regionar og landbrukstilknytte verksemd.

Søkandsfrist til NFR er 10. april 2019. NIBIO ber om tilbakemelding frå fylkeskommunen innan 15. mars. Vi ynskjer å legge fram saka politisk då det berre går nokon dagar utover dette før hovudutvalet har møte.

Historikk

NIBIO Fureneset sendte i august 2018 ein førespurnad til fylkeskommunen ved næringsseksjonen om å bidra med eit tilskot på 100 000 kr. til forskingsprosjektet *Alternative dreneringsmåtar for oppdyrka myr*. Det var då snakk om å støtte ein søknad som skulle sendast til Norsk Forskningsråd (NFR). Det var for kort tid til å handsame søknaden politisk.

Vi drøfta saka med fylkesmannen, og blei einige om at fylkeskommunen skulle støtte prosjektet på vegen av begge partar for å unngå samfinansiering. Vi svarte administrativt at dersom prosjektet blei realisert hadde vi ein intensjon om å støtte prosjektet med 200 000 kr., med atterhald om politisk handsaming av ei slik støtte.

NIBIO fekk avslag på søknaden dei sendte til NFR. Søknaden fekk god vurdering av fagpanelet som såg på søknadane. NRF grunngjev avslaget med ei heilskapsvurdering av alle søknadane, og opp mot den økonomiske ramma.

Det er ein ny utlysingsfrist 10. april, og NIBIO har etter drøftingar med fleire partnarar vurdert at det er grunnlag for å sende ein ny søknad med utgangspunkt i temaet i den førre søknaden.

Andre opplysningar

TINE har meldt tilbake at dei vil støtte ein ny søknad, og at dei kan auke støtta si noko utover det dei sette av i 2018. Vi har ikkje oversikt over alle som er spurt om å bidra, men vi ser at dei som har svart ynskjer å vere med vidare. Både Rogaland fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune støttar prosjektet.

Vi har vore i kontakt med Fylkesmannen i Vestland som også er positive til vidare støtte.

8.2. Nærare omtale av søknaden

Prosjektet er i skjæringspunktet mellom agronomi og miljø. Den nye søknaden bygger i hovudsak på dei faglege problemstillingane frå førre søknad. Drift av myrjord er ei utfordring, både agronomisk og miljømessig. Det er fleire faglege utfordringar som det er ynskjeleg å skaffe betre forståingsgrunnlag av, og betre dokumentasjon for. Det er mellom anna gjort gode praktiske erfaringar med omgraving av grunn og mellomdjup myr, men metoden er lite underbygd av forskning med tanke på å klargjere dei miljømessige effektane, mellom anna med tanke på utslepp av CO₂. Prosjektet vil også undersøkje potensiale for lagring av karbon i laget med mineralmasse opp på omgravid myr.

NIBIO jobbar no med søknaden til NFR, vi har difor ikkje ei fullstendig prosjektskisse å ta stilling til. Førrelse mål for prosjektet er slik:

Hovudmål

Leggje til rette for berekraftig grovfôrproduksjon på tidlegare dyrka organisk jord ved hjelp av omgraving og profilering, for å sikre stabile avlingar og lønnsemd på same tid som ein bevarer karbon (C) og nitrogen (N) i jorda og reduserer klimagassutslepp.

Delmål

1. Bestemme C- og N-balansen i omgraven og grøfta myr med grasdyrking i Fræna (Møre og Romsdal)
2. Estimere klimaavtrykket for fôrproduksjon på omgraven, profilert og grøfta myr
4. Studere faktorar som kontrollerer emisjon av N₂O og CH₄ gjennom inkubasjonsstudiar i lab
5. Undersøke endring i C- og N-lager i eksisterande langvarige omgravne myrer
6. Samanlikne hydrologi og infiltrasjonsevne for omgraven, profilert og grøfta myr
7. Forbetre agronomisk praksis ved å tilpasse lagelegheitsmodellen Terranimo[®] for organisk jord
8. Studere avlingseffekten ved omgraving og profilering av myr for ulike engfrøblandingar i ulikt klima
8. Estimere arealet av dyrka organisk jord som kan vere eigna for omgraving
9. Kalkulere lønnsemd og verdiskaping av auka produksjon ved alternative dreneringsmetodar

Estimert totalbudsjett er på om lag 12,7–13,2 mill. kr. Av dette skal 3,5–3,7 mill. kr. gå til finansiering av stipendiat. Støtte frå næring og region er sett opp med 2,6–2,8 mill. kr.

8.3. Vurdering

Vi har vurdert førre søknad tidlegare slik at temaet er viktig både med tanke på miljø og landbruksnæringa. Søknaden det vert søkt om støtte til no bygger på dei same faglege problemstillingane. Dei andre aktørane som vi har fått tilbakemelding frå, er også positive til prosjektet.

Vi rår til å støtte prosjektet grunngjeve både med klimaomsyn, ut frå utfordringar landbruket har, samt at det er viktig å støtte opp under det gode miljøet på Fureneset. Det er mellom anna eit mål i Regional plan for klimaomstilling at fylkeskommunen deltek i målretta forskings- og utviklingsprosjekt.

8.4. Konklusjon

Det vert sett av 200 000 kr. til prosjektet *Alternative dreneringsmåtar på myr for betre agronomi og reduserte klimagassutslepp*.

Fylkesdirektøren får fullmakt til å følgje opp, og gjere endeleg tildeling dersom NFR gir støtte til søknaden.

9. Næring- og Samfunnsutvikling i forbindelse med arbeidet og innspelinga av spillefilmen «tunnelen»

9.1. Bakgrunn

Nordisk Film Production AS søker om 300 000 kr. til arbeidet med og innspelinga av spelefilmen «Tunnelen».

9.2. Nærare omtale

Tunnelen skal vere ein katastrofefilm inspirert av fleire av dei store tunellbrannane ein har sett dei siste åra.

Innspelinga av filmen var i utgangspunktet tenkt lagt til eitt lågkostland med insentivordning, men då det opna seg ein moglegheit til å leggje heile innspelinga til Norge valde ein det. Ved å leggje heile innspelinga til Norge og Sogn og Fjordane fall insentivordninga, ein elles vill fått vekk, og dei søker no om midlar for å kompensere for dette.

Filminga startar i februar 2019 og vil vere avslutta i løpet av april 2019. Vidare vil den klippast og redigerast i perioden mai til oktober. I november vert filmen marknadsført, før det blir premiere 25. desember 2019.

Filmen skal spelast inn i Flotenestunnelen i Vadheim.

Kostnadsplan:

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Se vedlegg for detaljer	34 670 000					34 670 000
Sum kostnad	34 670 000					34 670 000

Finansieringsplan:

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Se vedlegg for detaljert finansieringsplan	34 370 000					34 370 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	300 000					300 000
Sum finansiering	34 670 000					34 670 000

9.3. Vurderingar og konsekvensar

Heile filmprosjektet har eitt budsjett på 34,7 mill. kr. I søknaden argumenterer søkar for at det vert lagt att betydelege summar i fylket som følgje av innspelinga. Dette gjeld både som følgje av at ein betydeleg mengde folk vil opphalde seg i området under innspelinga, men ein vil og ha behov for å nytte seg av lokale entreprenørar og andre tenesteleverandørar. Søkjar estimerer at produksjonen vil legge att om lag 4,6 mill. kr. i Sogn og Fjordane under innspelinga. I tillegg kjem det dei om lag 46 personane som arbeider med filmen vil legge att i løpet av innspelinga.

Dei argumenterer og med at eit slikt prosjekt vil føre til auka lokal stoltheit og samhald. Dette er noko det ikkje er så lett å talfeste, men det er ikkje urimeleg å anta at ein kan sjå nokon slike effektar.

Støtta vert gitt til eitt aksjeselskap, noko fylkeskommunen i utgangspunktet held seg unna. Det er i dette tilfelle vurdert at effektane av prosjektet vil ha så stor positiv effekt på fylket og lokalsamfunnet at vi likevel vel å gje tilskot. Ein må i tildelinga forsikre seg om at selskapet er i stand til å få støtta innanfor statsstøtteregulverket.

Vidare vil vi merke at filminga er i gang og at tilskotet frå fylkeskommunen ikkje vil ha utløyssande effekt på denne delen av prosjektet. Vi vil difor at midlane skal gå til den delen som går på å marknadsføre filmen, noko som skal finne sted i andre halvår 2019.

9.4. Konklusjon

Fylkesdirektøren råar hovudutvalet for næring og kultur å støtte prosjektet «Tunnelen» med 100 000 kr.

Det er ein føresetnad at selskapet kan ta i mot støtte frå fylkeskommunen innanfor statsstøtteregelverket.

Fylkesdirektøren får fullmeakt til å følgje opp vedtaket med presiseringar i tilskotsbrevet.